

## Referat frå møte i politisk referansegruppe for gebyr i nye Øygarden kommune 30.10.19

Til stades: Anne Hestnes (A) Fjell kommune, Daniel V. Sandvik (Frp) Fjell kommune, Nils Kåre Skoge (H) Sund kommune, May Britt Hevrøy (Sp) Sund kommune, Silvia Haugland (U) Øygarden kommune  
Heine Kleppe (prosjektleiar og referent) Fjell kommune

Ikkje møtt: Remi Oen (Frp) Øygarden kommune

1) Vidare diskusjon om gebyr innanfor regulering, byggjesak og kart/oppmåling.

Medlemmane i gruppa diskuterte vidare nivået på gebyr for plansaker i den nye kommunen.

Det er innanfor dette sjølvkostområdet at det er stor skilnad på både gebyrinnretning og gebyrnivå i dei tre eksisterande kommunane. Nivået i Fjell er høgast og Øygarden avviker mest i innretning.

Administrasjonen opplyste om at talgrunnlaget for det einskilde gebyr i noko grad basert på framskrivning av historiske tal. I den nye kommunen vil ein legge vekt på å få fram meir presise tal for korleis ressursbruken fordeler seg på kvart gebyrområde.

Politisk referansegruppe er positiv til at ressursbruken vert betre dokumentert.

Vidare er dei opptekne av samanhengen mellom gebyr og plankrav, mellom anna nivået for tiltak som utløyser plankrav.

Fleire meinte at det med Fjell kommune sin innretning er for dyrt for mindre planar. Dei ser for seg ein innretning med fleire trinn.

Medlemmene i politisk styringsgruppe vil drøfte vidare med sine respektive parti. Nytt møte er avtalt til onsdag 19.11.19 kl 15.30.

Heine Kleppe

referent